



ÅRSMELDING 2024 FOR IL SKARPHEDIN FRIIDRETTSGRUPPA

Styrets aktivitet

Følgjande har utgjort styret sidan sist årsmøte: Rune Romnes - leiar og økonomiansvarleg, Sigbjørn Hjelmbrække - styremedlem, - Henrik Romnes - Ungdomsrepresentant , , Mohamad Alhasoun - Styremedlem

Det har vore 1 ordinært styremøte i 2024. Rune Romnes har representert friidrettsgruppa i Hovudstyret i IL Skarphedin. Rune Romnes og Henrik Romnes representert Skarphedin på kretstinget.

Vurdering av handlingsplanen 2024

Friidrettsgruppa vil i 2024:

- Få nye trenarar i klubben (Ikkje oppfylt)
- Mellom 5-10 medaljar i KM, NM, JRNM, UM eller Veteran-NM i 2023. (Oppfylt)
- Få fleire deltakarar i KM generelt og spesielt på bane. (delvis fullført)
- Auka fokus på tekniske øvingar (delvis)
- Arrangere like mange stemne som i 2023 (Oppfylt)
- Få folk på dommarkurs og trenarkurs (Ikkje oppfylt)
- Jobbe langsiktig for å få ungdom til å ta på seg trenaroppgåver/instruksjon (Ikkje oppfylt)
- Arrangere tur til Bislett Games for utøvarar (Oppfylt)
- Få nye medlemmer inn i styret (Ikkje oppfylt)

Medlemmer

Talet på barn og ungdom har hatt ein nedgang i 2024. Totalt er det meldt inn 46 medlemmer i friidrettsgruppa i idrettsregistreringa. Det er 17 færre enn i 2023

Eigne arrangement

7 stemne i klubbmesteirskap blei arrangert med god deltaking, samt ei sosial avslutning i Gullbring med bading, pizza og premieutdeling.

Det blei arrangert ein halvmaraton i mai med 39 deltakarar.

Sport 1 karusellen

Løpskarusellen hadde auke i deltakarar i forhold til fjoråret. Totalt blei det arrangert 9 løp i karusellen og egne barneløp kvar gong. Karusellen er blitt ein viktig bidragsytar til økonomien i gruppa, så gruppa har tenkt å fortsetje med karusellen også i åra framover.

Sosial tur til Bislett Games

Vi var ein bra gjeng som reiste til Bislett Games og me hadde særst gode plassar rett ved starten på 200 meter. Mange fekk autografar frå stjernene.

Trening

Treningstilbodet i 2024 har vore bra. Det har vore ei stabil utøvargruppe på treningane også i 2024. Det var ei fellestrening i veka på Gullbringbanen for alle utøvarar frå 6 år og oppover frå april til først i oktober. På haust og vinteren var det trening for alle frå 6 år og oppover på Bø Skule.

Konkurransar

Utøvarar i alle aldersklassar har konkurrert både på regionalt og sentralt nivå i 2021. Vi har hatt deltakarar med i KM, UM, NM og banestemne gjennom året.

- I Lerøylekene deltok Hans Edvard Lahus frå Skarphedin i Rjukan
- I Fylkesmeisterskap/Kretsmeisterskap tok Tone Margrethe Severinsen bronse på 60 M J12 med tida 9,11.
- Tobias Harstad Rinde tok bronse i NM -Terreng lang løype i klasse M16, der tok også Trude Harstad NM-gull både i lang løype og kort løype i klasse KV 45-49
- I UM20 tok Sondre Harstad Rinde sølv på 2000 M hinder i klasse G18-19

Økonomi

Friidrettsgruppa gjekk med mindreforbruk i 2024 på kr 61.106. Årsaka er høgare gaver og tilskot.



Rune Romnes – Leiar/økonomiansvarleg



Henrik Romnes - ungdomsrepresentant



Sigbjørn Hjelmbrække – Styremedlem

Mohamad Alhasoun - Styremedlem